

NRK får alltid siste ordet

SIDE 10

KRYSSORD!

SIDE 19

KRINGOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN

NUMMER 4/2020

– Målet er få på plass rutinar som gjer det vanskelegare å gjera feil, seier språksjef i NRK **KAROLINE RIISE KRISTIANSEN**.

SIDE 6



INNHALD

KRINGOM

**MEDLEMSBLAD
FOR KRINGKASTINGS-
RINGEN**

BLADSTYRAR
Kjartan Helleve

TRYKK
Merkur Grafisk AS

OPPLAG
900

KONTAKT

post@kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen
Pb. 9161 Grønland
0134 Oslo

943 97 998

www.kringkastingsringen.no

MEDLEMSKAP

Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemmer gjev større gjennomslag. Du kan melde deg inn på heimesida eller ved å betala inn på kontonummer 3480 17 48343. Hugs namn og adresse. Medlemskap kostar 300 kroner. Medlemmer under 30 år betaler 150 kroner.

BLI MED!



10

INNHALD

- 3** Leiar
- 4** Nytt
- 6** Intervju: Karoline Riise Kristiansen
- 10** Mektige allmennkringkastarar
- 13** Høyringsnotat mediestøttelova
- 14** Intervju: Hilde Sandvik
- 17** Reprise: Dyra våre
- 19** Kryssord!



KRING-
KASTINGS-
RINGEN

INGER JOHANNE RUSET

inger.johanne@ungdomslag.no

Mediestøtte er språkstøtte

MEDIA ER EITT av dei samfunnsområda der nynorsk, samisk og dialektar har greidd seg relativt bra. Det offentlege har teke ansvar for at me har ein rik flora av aviser og radiokanalar. Så sjølv om det viktigaste med produksjonstilskotet er å sikra mediemangfald og eit levande ordskifte, så er det også viktig for å sikra eit språkmangfald og eit levande norsk språk.

KULTURDEPARTEMENTET ser det ikkje slik. Dei ser det ikkje som "hensiktsmessig" at lova om produksjonstilskot skal nyttast til språkpolitiske føremål.

MEN DET ER IKKJE UVANLEG at statlege støtteordningar har meir enn berre ein funksjon. Slik er det også med mediestøtta. NRK-plakaten seier at 25 % av sendingane skal vera på nynorsk. Den gjeldande avtalen mellom staten og TV 2 inneheld eit punkt om at baa dei offisielle norske målformene skal nyttast.

DET ER LIKEVEL IKKJE nok at språk er nemnt i dei konkrete avtalane. Det bør også inn i sjølve lova. Det vil gjera koplinga mellom støtteordninga og språk tydeleg. Litt for ofte har målrørsla blitt møtt med at språk ikkje høyrer heime i dette ordskiftet. Ved å nemna det i lova, vil staten hevda det motsette.

FAKTISK TRENG EIN BERRE lesa departementet sitt eige framlegg til lov for å finna eit konkret døme på denne koplinga. I framlegget heiter det m.a. "Ordninga skal også fremme utvikling av de samiske språkene." Det er me hundre prosent samde i. Men me skulle så gjerne ha sett at lova også kunne inkludera dei andre norske språka.

DIFOR MEINER Kringkastingsringen at lova bør seia noko om å styrkja norsk språk og fremja likestilling mellom bokmål og nynorsk.

Husabø Fossen til Høgre

NRK-journalisten **Cato Husabø Fossen** er tilsett som ny pressesjef i Høgre, eit parti han òg tidlegare har vore aktiv i.

28-åringen har vore fast tilsett som politisk reporter i NRK sidan 2016, der han også i periodar har vore programleiar i Dagsrevyen og Politisk kvarter, heiter det i ei pressemelding frå Høgre.

–Vi er strålende fornøgde med å få ein av Noregs fremste politiske journalistar med oss på laget som ny pressesjef. Det er under eitt år til valet der målet er eit historisk attval for Høgre i regjering og Erna som statsminister, seier Høgres parlamentariske leiar Trond Helleland.

Fossen vart vald inn i kommunestyret for Høgre i heimbyen Førde i 2011, men melde seg ut same år då han fekk jobb i avisa Firda. Han har òg jobba for VG og TV 2.

– No har eg dekt fire val som journalist, og har lyst til å få ein ny inngang til det. Så no skal eg gjere alt eg kan for å sørje for at vi får fire nye år med Erna, seier Cato Husabø Fossen til Dagens Næringsliv. (NPK)

Må betale tilbake

Kommunale kinoar over heile landet må betale tilbake fleire millionar i kompensasjon for tapte billettinntekter. Det same må ikkje privateigde kinoar. Ifølgje NRK er det totalt tjue kinoar over heile landet som blir bedne om å betale kompensasjonen tilbake. Samtidig får privateigde kinoar 60 millionar kroner i kompensasjon.

Styreleiar **Bjørn Arild Gram** i KS meiner det er oppsiktsekkjande. – At store kommersielle aktørar får betydeleg meir kompensasjon, medan små og mellomstore kinoar i Distrikts-Noreg tydelegvis må betale tilbake allereie innvilga støtte. Det kan vi i grunnen ikkje akseptere, seier han til kanalen. Det er Kulturrådet som handterer kompensasjonssordninga for kulturlivet. (NPK)



Gode besøkstal

Norske filmar får gode besøkstal av å sleppe konkurransen frå nye amerikanske storfilm, som blir utsette eller kjøpte opp og lanserte på strøymetenester.

Sidan kinoane opna i mai, har det vore færre premierar av amerikanske storfilm på kino. Ei gruppe med filmar som trivst med fråværet av amerikanske «blockbustarar» er norske filmar og mindre europeiske og amerikanske filmar.

Tal frå Nordisk Film Kino viser at «Børning 3» har hatt 160.000 besøkande etter éi veke på kino. «Knutsen & Ludvigsen – Det Store Dyret», som hadde premiere tidlegare i september, har hatt 180.000 besøkande, og er den 3. mest besøkte kinofilmen så langt i år.



for norsk film

Mindre europeiske og amerikanske «kunstfilmer» har òg høge besøkstal som dei aldri ville fått under normale omstende, ifølgje programdirektør i Nordisk Film Kino, **Christin Berg**.

– Det hadde aldri skjedd under normale omstende. Då hadde slike filmar drukna i mengda med større filmar å konkurrere mot, men no får dei mindre filmene moglegheit til å blomstre.

Til no har bransjen klart å halde hovudet over vatnet. Støtta frå regjeringa har vore avgjerande for at kinobransjen har klart seg så lenge. I dag er framleis 40 % av dei tilsette permitterte, og det er betydeleg færre framsyningar enn dei vanlegvis ville hatt. (NPK)

LLA, NRK og Sujo saman om graveprosjekt for lokalaviser

Landslaget for Lokalaviser (LLA), NRK og Senter for undersøkjande journalistikk (Sujo) går saman om eit felles prosjekt der dei skal undersøkje kvifor befolkninga blir stadig meir sentralisert.

– Dette er noko av det mest spanande eg har vore med på, og det kjem til å bli viktig for alle lokalavisene våre, seier generalsekretær i LLA, **Tomas Bruvik**, til Medier24.

Målet med samarbeidsprosjektet er å bruke datamateriale frå forskning på migrasjon til å finne ut kvifor vi blir stadig meir sentraliserte, trass i at det i mange år har vore stor politisk vilje på tvers av ulike regjeringar, til å halde oppe befolkninga i heile landet. (NPK)



Nøgd med radiotilbodet

Eit klart fleirtal av dei spurde seier dei er nøgde med radiotilbodet. Delen nøgde lyttarar har auka med 8 prosentpoeng til 63 prosent. Det viser ei spørjeundersøking som Medietilsynet står bak. I undersøkinga seier 63 prosent av dei spurde at dei er nøgde eller svært nøgde med radiotilbodet generelt. Undersøkinga vart gjort i september i år. I fjor låg delen på 55 prosent. Det kjem òg fram i undersøkinga at nesten alle radiolyttarar – 97 prosent – dagleg lyttar til radio digitalt. FM-sendingane frå dei riksdekkjande radioaktørane vart avvikla regionvis i 2017. Mange lokalradiokanalar sender framleis over FM-nettet. (NPK)

Full gass

– Det nyttar ikkje alltid å venta på at det kjem skrivereglar frå dei rette instansane, det viktigaste er å skriva om det som hender, så fort som råd er, seier KAROLINE RIISE KRISTIANSSEN.

Ho fekk den varmaste poteten i fanget allereie første dagen på jobb. Ho hadde knapt sett føtene sine innanfor dørene på NRK før spørsmålet kom: heiter det corona eller heiter det korona?

– Eg hugsar akkurat kvar eg sat, kvar Ingvild Bryn sat og kven me ringde til, seier Kristiansen.

For då den store medisinske vekkinga heim-søkte landet vårt, var det ingen som heilt visste kva namn ein skulle nytta. Ingen visste heilt kva det var for noko heller. Og nokon meinte at NRK berre skulle slutta å skriva om det, sidan det berre skapte frykt.


Men det fylgjer eit visst ansvar med det å vera allmennkringkastar. Det nyttar ikkje å stikka hovudet i sanden. Og om ein skriv korona med k i Noreg, så heiter det nye viruset koronaviruset.

– Og kor lenge kan ein snakka om «det nye» koronaviruset? Då ein etter kvart såg spor av at det hadde mutert, kva er då det gamle? Ei stund trudde

**KAROLINE RIISE
KRISTIANSEN**
Språksjef i NRK.



Med C eller K? Her er i alle fall eit SARS-CoV-2-virus (Foto: Centers for Disease Control and Prevention.)



ein at covid-19 var namnet på viruset, før ein forstod at det var namnet på sjukdomen, seier Kristiansen.

FRÅ C TIL K

Ho fortel at det var fasinerande å sjå korleis ein så stor organisasjon gradvis endra skrivemåten frå c til k. Og etter kvart har også dei fleste andre media gått over til den norske skrivemåten.

– Dette er ei av dei største utfordringane. Det dukkar heile tida opp saker og tema der ein rett og slett ikkje har nokon fasit. Det nyttar ikkje å venta på at det kjem reglar frå dei rette instansane om dei ikkje finst enno. Det viktigaste er jo sjølve nyheita (å skriva om det som hender, så fort som råd er). Då er det ikkje alltid me landar på rett ord eller uttrykk på første forsøk, og då må det vera råd å endra kurs. I situasjonar som den me er oppe i no, har også NRK eit særleg ansvar. Difor prøver me å forklara kva dei ulike omgrepa tyder, med faktaboksar og hjelpesetningar. Det viktigaste er at folk forstår det dei les.

RASKE ENDRINGAR

Dette gjeld også når samfunnet endrar seg. NRK har utarbeidd fleire ordlister, mellom anna ei eiga for saker der ein brukar fleirkulturelle ord og uttrykk. Den vart seinast revidert i 2014, og ber preg av det.

– Det er litt skummelt å ha bastante reglar. Ting endrar seg så fort, språket er levande og

utviklar

seg i fart, verda blir mindre og det nyttar ikkje å insistera på det som var rett for mange år sidan. Mykje av jobben handlar om å leita (om att) etter aktuelle ord og uttrykk, finna ut kva som er den gjeldande språkbruken. Børge Nordbø er vår eigen språkkonsulent, og me har femti språkkontaktar rundt om i organisasjonen. Men me må også ut i samfunnet, og me har stadig kontakt med ulike interesseorganisasjonar og fagmiljø der spisskompetansen sit, fortel Kristiansen.

Det har vore eit travelt halvår, og det er ikkje til å koma i frå at det stundom har gått ut over den språklege kvaliteten. Kristiansen innrømmer at det ikkje har vore godt nok, men ber om forståing.

– Eg var utruleg imponert over korleis me gjedde å kasta oss rundt då pandemien braut



ut. Heile sendeflater vart endra, det var nyhendesendingar heile døgeret og alt vart gjort medan halve staben sat på heimekontor. Folk vart flytta mellom avdelingane, og alle tok det på strak arm. Det var ei dugnadsånd som eg vart glad og overraska over å sjå. Men dette er ikkje utan kostnader, seier ho.

RUTINAR MÅ PÅ PLOSS

Journalistar kjem ut av dei vanlege rutinane. Kollegaen som ein vanlegvis ber om å lesa gjennom, er heime. Ein gløymer å køyra saka gjennom stavekontrollen, og feilen har skjedd.

– Men eigentleg skil ikkje denne situasjonen seg særleg ut. Alt handlar om rutinar og arbeidsflyt, og om korleis ein kan bli betre. Kven las gjennom saka? Kva verktøy vart nytta? Korleis er praksisen i redaksjonen? Dette er spørsmål som alltid kjem til å vera der, også når me nærmar oss ein normal kvardag. Ein klassisk feil er t.d. at journalisten får inn eit siste sitat, noko ho har venta på heile dagen. Så set ho det inn i saka og publiserer utan å køyra stavekontrollen på ny. Dette kjem også til å skje i framtida. Målet er få på plass rutinar og sikkerheitsnett som gjer det vanskelegare å gjera feil, seier ho.

Kristiansen seier at NRK har eit særleg ansvar for godt språk.

– Me er ein allmennkringkastar og skal sikta mot verdsklasse, også på språk. Det er lett å retta opp i ei sak som ligg på nettsidene, men den burde ha vore feilfri frå start. Me må

Tidlegare sjefredaktør i Nynorsk Pressekontor (NPK). Språksjef i NRK sidan februar 2020.

Skal vera språkleg rådgjevar for alle redaksjonane i NRK, skal måla, rapportera og evaluera språkbruk og sørgja for at språkreglane blir gjort kjende og tekne i bruk av hele NRK.

ikkje tru at me ikkje gjer feil. Me må heile tida tru på at me skal bli betre. Me har reglar, men kan alltid bli betre. Noko av dette handlar også om større spørsmål, som t.d. kvaliteten på sidemålsundervisninga i skulen, tilgangen på digitale læremiddel på nynorsk osv., seier Kristiansen.

POSITIVT OVERRASKA

Ho trekkjer fram fadderordninga, nettkurs og NRK Nynorsk Mediesenter som døme på tiltak. Generelt sit ho med eit inntrykk av at organisasjonen tek språkarbeidet på alvor.

– Før eg starta, hørde eg rykte om lesarar som reagerer negativt på skriftleg nynorsk, og at dette hadde spreidd seg til redaksjonane. Men eg har opplevd det totalt motsette. Nynorsk og språk blir løfta opp, eg blir løfta opp for å snakka om det, leiarar skriv informasjonsskriv på nynorsk og kringkastingsjefen veit de kvar står. Men nynorsken er for viktig til berre å bli redda av eit skipperetak kvart år. Me må få det inn i verktøy og strategiske planar for at det skal gi resultat.

Ho meiner at rekrutteringa er ein god stad å starta, for ho innrømmer: det er for få nynorskbrukarar i NRK.

– Me bør få inn fleire nynorskjournalistar, til liks med fleire journalistar med fleirkulturell bakgrunn. Me, og då meiner eg altså alle som er opptekne av språk, må få opp statusen på nynorsk i journalistikken og i samfunnet elles. Der har me alle eit ansvar, seier ho.

KJARTAN HELLEVE

UANGRIPELEGE ALLMENNKRING- KASTARAR

Kvar gong nokon hevdar at NRK og BBC er eit **PROBLEM**, svarar dei med at dei tvert i mot er **LØYSINGA**.

Då Erna Solberg kom til makta i 2013, opna det seg eit politisk handlingsrom for å gjera noko med NRK. Kanalen var blitt for dominerande og gjorde det vanskeleg å driva private medieverksemdar. Men trass i stor politisk vilje til endring og nokolunde gode argument, har ikkje NRK sin posisjon endra seg i særleg grad. I så fall har det vore til det betre ved at dei no blir finansierte direkte og ikkje må bala med å krevja inn lisenspengar. Kvifor lukkast dei ikkje med å gjera noko med NRK?

Dette ville forskar **Vilde Schanke Sundet** ved Institutt for media og kommunikasjon på UiO sjå nærare på. Saman med kollega Trine Syvertsen har ho skrivne ein artikkel om korleis NRK og BBC greidde å stå i mot desse endringsframlegga. Det dei fann, var at dei to allmennkringkastarane var veldig flinke til redefinera heile problemstillinga.

– Både i England og i Noreg starta ordskifta med veldig harde ord og påstandar, det var nesten så ein skulle tru at det ville gå mot slutten for institusjonane, seier Sundet.

– Men gjennom prosessen mildnar kritikken, og resultatet er mykje meir moderat enn kva ein skulle tru i utgangspunktet. BBC og NRK er flinke til å redefinera ordskiftet frå at dei er eit problem for andre private mediebedrifter, til at dei er ei løysing for samfunnet og demokratiet. Det er ikkje dei private medieaktørane alltid like gode til. Schibsted snakkar ofte om kva som er bra for dei, medan NRK raskt går over til å snakka om kva som gagnar det norske samfunnet. Det har dei jo rett i, og det kunne også VG lett ha hevda, seier ho.

STOR OPPSLUTNING

Dei som vil ha eit svakare, eller i alle fall annleis NRK, er ein allianse mellom private aktørar som tevlar om merksemda med

NRK, t.d. dei kommersielle kringkastarane og dei andre store nettavisene, og politiske liberalistar som har ein meir ideologisk innfallsvinkel til mediepolitikken. Men eigentleg var det vanskeleg å finna nokon som var absolutt i mot NRK.

– Eit litt overraskande funn var at støtta til NRK i Noreg er veldig stor, seier Sundet.

– Dei aller fleste er samde om at me skal ha ein allmennkringkastar, han skal vera finansiert av det offentlege og han skal femna breitt. Sjølv dei private aktørane meiner det, men vil ikkje at NRK skal vera akkurat på det feltet der dei er sterke. NRK sjølv har vunne fram med argumentet om at dei må vera populære for å ha ein funksjon – det er ikkje nokon vits å laga viktig innhald om ingen ser det. Dette er ikkje sjølv sagt. I somme land skal allmennkringkastarane berre ta seg av det marknaden og dei kommersielle aktørane ikkje sjølv produserer, dei skal ha eit smalt mandat. I Noreg tenkjer me at det ville gjera at ingen vil sjå på det dei lagar, og då ville poenget vera litt borte.

– *Har faktisk NRK ein så dominerande posisjon?*

– På mange område har dei det. Men om ein ser på kva folk faktisk brukar tid på, så er dei ein mindre aktør. NRK taper mot Netflix og Facebook, og dei unge er på Snapchat og YouTube. Så det kjem heilt an på kva du samanliknar med.

– *Men det gjer vel også dei private selskapa?*

– Absolutt. Den globale marknaden trugar alle dei norske aktørane når det gjeld publikum si tid, men for dei private aktørane er det også ein kamp om annonsørane og abonnentane. Tidlegare var reklamefinansiert radio og tv ei gullgruve. Det er det ikkje lenger. Det nye er at alle desse aktørane møtest på nett. Brått driv alle på med litt nyhende, litt video og litt tv. Det er her



Vilde Schanke Sundet Foto: Uio

ordskiftet om NRK har fått fornya aktualitet. Det me kallar fjernsyn, er noko anna enn det var for 20 år sidan.

EIGNE FOLK PÅ SAKA

– *Er problemet at NRK har satsa så mykje på nettavis?*

– Det vil nok Schibsted seia, men NRK har alltid hatt i sitt mandat at dei skal vera gode på nyhende og at desse nyhenda skal nå flest mogleg folk der dei er. Når folk er på nett, så må NRK på nett. Det er også undersøkingar som syner at i dei landa allmennkringkastaren held eit høgt nivå, så løfter også dei private aktørane seg. Så dette er uproblematisk, så lenge forretningsmodellen til dei private fungerer. For NRK har det vore viktig at dei har greidd å endra oppdraget sitt i frå den tradisjonelle tolkinga av kringkasting til også å gjelda andre medieplattformer og distribusjonsmodellar som strøyming, nett og mobil. Om dei berre hadde sete att med kringkasta radio og tv, så hadde dei vore langt mindre aktuelle i dag.

– *Er kritikken mot NRK vassen sidan dei andre aktørane også får støtte frå staten?*

– Det har litt med storleik å gjera. NRK har eigne folk som arbeider med kontakten med styresmaktene. Det har ikkje nødvendigvis alle dei andre aktørane. Det å vita korleis ein skal driva politisk lobbyarbeid, vera klår over prosessar, vera med på høyrin-

gar og ha høve til å prioritera dette arbeidet og argumentera godt for seg. Det er NRK og BBC utruleg flinke til.

– *Kor stor er eigentleg motstanden mot NRK og BBC?*

– Folk som er nøgde, skriv ikkje lesarinnlegg i avisa, så kritikarane har vore mest synlege. Det spesielle her var det politiske ønsket om endring, både her heime og i England. Det kom nye regjeringar som signaliserte at det ville koma endringar. Det er då ein ser kor dyktige allmennkringkastarane er til å mobilisera støttespelarar rundt seg, og å redefinera problemstillinga. Så då saka endeleg kom til reell handsaming, så såg politikarane at dette ikkje er noka vinnarsak.

EVIG ORDSKIFTE

– *Har kritikarane likevel eit poeng?*

– Dette er dilemma som NRK står i heile tida. Kor langt ut går allmennkringkasting? Kva kan definerast som det? Dette nye programmet, *Maskorama*, er det allmennkringkasting eller burde det ha vore på TV 2? Då NRK starta opp med *Anno*, argumenterte dei med at historiske fakta og kontekstualisering gjorde programmet til eit allmennkringkastingsprogram, medan TV 2 meinte at *Anno* var motprogrammering mot deira *Farmen*, og at det ikkje var nok med eit par historiske funfacts. Dette er eit ordskifte som går i alle land der allmennkringkastaren har ei viss breidde og storleik. Og det kjem aldri til å stoppa. Det er lett å sjå poenget til lokal- og regionaviser om at NRK stadig trakk inn på deira domene, og det er samstundes lett å sjå at NRK må satsa på podkast for å nå unge lyttarar, for å ha dei som lyttarar når dei blir eldre.

– *Når det ikkje lukkast for denne regjeringa å gjera særlege endringar med NRK, vil det no bli ro?*

– Dette er eit levande ordskifte som går heile tida. Det var ein topp no, men det vil ikkje forsvinna. Det som er nytt, er snakket om samarbeid mellom NRK og dei private aktørane. Korleis kan norske aktørar stå i mot presset frå utlandet? Korleis kan NRK vera ein støttespelar for dei andre? Kan henda dette er løysinga for alle partar.

Kringkastingsringen var nyleg på høyring i Stortinget om om Prop. 138 L (2019-2020): *Lov om økonomisk støtte til mediene* (mediestøttelova). Her er innspelet vårt:

HOVUDPOENG: Den trykte pressa er særskilt viktig for eit levande norsk språk. Det må vera nemnt i det sentrale styringsdokumentet for mediestøtta. Me gjer framlegg om fylgjande tillegg under § 5:

«Ordningsen skal styrke norsk språk og fremme likestilling mellom bokmål og nynorsk.»

ARGUMENTASJON: Statlege støtteordningar har meir enn berre éin funksjon. Slik er det også med mediestøtta. Eit døme er dei ulike krava som er nedfelte i NRK-plakaten, og i den gjeldande avtalen mellom staten og TV 2 om «levering av kommersielle allmennkringkastertjenester» frå 2018, er det t.d. eit punkt om at både dei offisielle norske målformene skal nyttast.

Men det er ikkje nok at språk er nemnt i dei einskilde avtalane. Det må også inn i det sentrale styringsdokumentet for mediestøtte.

Utvalet som leverte NOU 2017: 7 *Det norske mediemangfoldet — En styrket mediepolitikk for borgerne* har med eit punkt om språk, under korleis dei oppfattar mandatet sitt: «Utvalget vil understreke at alle norske nyhetsmedier, herunder allmennkringkasterne, har sentral betydning for Norges språk og kultur, og legger denne forståelsen til grunn for sine vurderinger. Særleg er det grunn til å fremmeve hvor stor betydning mediebruken av nynorsk og samisk har for denne målføremålet og dette språket.»

Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfald og*

armlengds avstand — Mediepolitikk for ei ny tid kjem også inn på dette poenget: «Mediestøtta er viktig for å bevare eit mangfald av medium og journalistisk produksjon over heile landet. Nyheitsmedia som mediestøtta er til for, har samfunnsverdi – for demokratisk meiningsdanning, for kontroll av maktutøving og for språk, kultur og identitet.»

Ein treng faktisk berre lesa framlegget til lov som no ligg på bordet for å finna fleire døme. § 6 om samiske media syner at det er teke andre omsyn enn berre det som styrkjer den redaksjonelle fridomen.

Det skulle difor vera mogleg for departementet å skriva inn eit punkt som handlar om nynorsk utan å skipla målet med lova. Det har dei ikkje funne plass til. Dei seier det ikkje er hensiktsmessig. Kringkastingsringen meiner at det ikkje held mål.

I framlegget til Språkløva heiter det: «Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit fullverdig og samfunnsberande språk i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.» Lova slår fast at styresmaktene har eit ansvar for å fremje norsk språk. Mediestøtta, både den direkte og indirekte, er mellom dei mest konkrete støtteordningane til norsk språk.

Då må det stå meir om språk i mediestøttelova.

Bygger skandinavisk bru

Hilde Sandvik meiner at vi er tettare knytte til våre skandinaviske og nordiske naboar enn vi trur.



Hilde Sandvik er midt i førebuingane til neste episode av radioprogrammet «Norsken, svensken og dansken», der ho samtalar med svenske Åsa Linderborg og danske Hassan Preisler om spørsmål som angår oss skandinavar. Med ei klår røyst og mildt modifisert rogalandsdialekt når Sandvik ut til lyttarane på både NRK, DR og SVT.

Serien vart starta i år, og er midt i hjartet av det ho brenn mest for, nemleg å bygge ei sterkare bru mellom dei skandinaviske landa. Da ho slutta som journalist og redaktør i Bergens Tidende i 2016, etter ti år i avisa, vart nettsamfunnet broen.xyz til, ein nettstad som ville invitere til dialog.

Nettsida eksisterer framleis, men Sandvik har vorte meir og meir interessert i lydmediet, og meiner podkast med våre naboar er ein perfekt arena for å bli litt klokare.

– Eg meiner heilt seriøst at alle samtalar blir meir interessante når vi får ein svensk og dansk spegel på oss. Det er både forskjellig og lærerikt, nyttig og uhyre underhaldande, seier ho.

AUKANDE INTERESSE FOR NABOLANDA

Og det skortar ikkje på samtaletema. Korona, Metoo og innvandring er nokre døme.

– Det er store spørsmål som liknar i alle tre landa. Samtidig er dei så forskjellige at det blir interessant med den friksjonen òg, seier Sandvik.

Ho merkar stadig ei aukande interesse for nabolanda, og ser svenske og danske saker i norske media oftare enn før.

– Eg synest det er fint at stadig fleire byrjar å dele den interessa. Skavlan har òg vore viktig for å få ei større interesse for det svenske. TV-serien Skam har vore med og auka interessa for Noreg i Sverige og Danmark. Tidsända har gått i den retninga, seier ho.

FAMILIETERAPI

Sandvik har «alltid» følgt med på skandinavisk offentlegheit, las tidleg svenske og danske aviser og gjekk nyleg av som nestleiar i Foreningen Norden.

– Ser du på dei tre landa som ein familie?

– Ja, vi er jo det. Det er jo eit gammalt omgrep å kalle Sverige for storebror. Vi er i familie språkleg, vi har ei mangehundreårig historie saman med Danmark, og har vore i union med Sverige i mange år. Og for nordmenn er svensk og dansk i stor grad ein dialekt av norsk.

– Det er spor av det svenske overalt. Sverige har vore landet vi både har vore veldig glade i og prøvd å ta stor avstand frå, seier Sandvik.



Svenske Åsa Linderborg, norske Hilde Sandvik og danske Hassan Preisler møttest kvar veke for å finne ut kva som rører seg i dei skandinaviske landa. (Foto: NRK)

TETTE BAND

Ho peikar på at vi skandinavar også deler mange verdiar. Styreformene våre er i stor grad like, sjølv om det er skilnader. Vi deler sosialdemokratisk tenking, har ein velferdsstat, god tillit i folket, god økonomi, og høg grad av likestilling.

– Saman skårar vi høgt på mange målingar i verda. Frå utsida blir Skandinavia og Norden sett på som ei blokk. Det er mykje handel over grensa. For Sverige er Noreg den største eksportnasjonen. Alt i alt er vi mykje viktigare for kvarandre enn ein tenker i dag. I tida vi lever i - med ein alvorleg undertone i samfunnet, bør vi komme tettare på naboen. Det har kanskje aldri vore viktigare å kjenne naboen, meiner Sandvik.

«RYFYLKE-BOKMÅL»

Den som har høyrte på podkasten til Sandvik og co., kan ha vorte imponert over at ho held på dialekten, sjølv om ho snakkar til både svenske og danske lyttarar. Andre har latt seg provosere over at ho ikkje snakkar så kav dialekt som ho kunne ha gjort.

«Stolar ikkje på norsken og knotar i veg på ryfylke-bokmål», kunne ho lese i ei Twitter-melding nyleg.

– Eg snakkar ei litt forfina form for dialekt. Eg vil helst at dei danske og svenske lyttarane forstår meg. Dei har nok problem

med å forstå meg som det er. Difor prøver eg å snakke tydeleg, seier ho.

MYKJE KRUT

Podkasten lagar ho kvar veke, saman med produsent Henrik Hylland Uhlving og med-programleiarane.

– Eg liker at ein kan løfte opp samtalen. Det er den eg ønsker å få til. At vi blir sende på både DR og SVT, og at folk er interesserte, er eg ekstremt takknemleg for.

På sikt har ho lyst til å utvikle konseptet til fleire live-pratar, og kan hende på sikt, lage tv. Men først er det eit skattkammer av saker å diskutere i den vekevisе familieterapien.

– Akkurat no er det dansk Metoo som er kjempeinteressant, etter at Sofie Linde stod på tv og heldt ein tale som flekka av plasteret på ei dansk offentlegheit. Men eg har òg ein plan om å snakke om black metal. Det håper eg at eg får dansken og svensken med på. Det er den største eksportvara vi har, og det gler eg meg til, seier Sandvik.

BEATE HAUGTRO/NPK

LAGS- ARBEID



Kopp til Langåker

Alt er digitalt om dagen, også ... eller vent. Det går framleis an å senda ting i posten. Difor sende me av garde ein kopp og eit diplom til **Svein Olav Langåker**, general og primus motor i 10-årsjubilanten Framtida. Både på nett og i fysisk format har satsinga vore noko av det beste som har hendt nynorsk presse sidan Kringkastingsringen finansierte oppstarten av Dag og Tid i 1965. Til lukke!

Årleg møte med NRK

Alt er digitalt om dagen, også årlege møte med NRK. Det vart ein god prat om rettskriving, rekruttering og lydtolking. Oppe f.v. : **Gunnhild Skjold** (NMU), **Thor Gjermund Eriksen** (NRK), **Gro Morken Endresen** (Noregs Mållag), **Karoline Riise Kristiansen** (NRK), **Peder Hauge** (Noregs Mållag), **Terje Gilleshammer** (NRK) og vår eigen leiar **Inger Johanne Ruset**.



Høyrer de meg?

Alt er digitalt om dagen, også høyringar i Stortinget. Det gjer ikkje oss så mykje, me prøver no å få fram poenga våra uansett. Dagleg leiar **Kjartan Helleve** har til og med installert seg framføre ei bokhylle for å få litt ekstra akademisk tyngd. Så får me sjå om det nyttar.

DYRA VÅRE

OLGA MEYER starta i NRK allereie i 1969 og var med på å laga programpostar som «Kvardagen», «Forbrukaren har ordet», «På direkten», «Sånn er livet», og «Sølvsuper». På 1990-talet vart ho kjent for spalta med historier om dyr.

I byrjinga bad ho folk ringa inn historiene sine, men telefonen stod ikkje stille. Difor måtte dei gå over til å be folk om å senda brev i staden. Og historiene kom.

Frå Seljord i Telemark kunne ein høyra om ei ku som hørde gjetarguten lokka på andre sida av Sundsbarmvatn. Kva kua gjorde? Ho hoppa i vatnet og sumde over til hjuringen sin. Har du sett!

Frå Oslo kom historia om hunden Maika som «avvæpna» ein rasande schæfer ved berre å laga «rumlelydar». Oi!

Frå Troms kunne ein få med seg korleis ei sølvskei dukka opp i eit gamalt skjoreir. Er det sant?!

Dette var lyden av suksess.

Ho sa sjølv at spalta kom som ein reaksjon på alle desse seriane om ville dyr. Ingen lagar naturprogram om husdyr. Målet var å syna fram dei tette banda mellom dur og menneske. Spalta gjekk i «Nitimen» og og vart veldig populær. Det kom også ut ein bokserie med desse historiene.

– Eg er ingen ekspert, sa Olga ein gong, - men vitskapen seier at grisen er klokast. Han er flink og rask til å finne løysingar.

KJARTAN HELLEVE



GULL I ARKIVET:

Til informasjon til yngre lesarar, så var Programbladet NRK sitt eige informasjonsorgan som dei gav ut og selde frå 1946 til 1989. Lite med oss å gjera, men det må vera å lov å seia at om du har tenkt å laga eit spesialnummer om fargeferjersyn, så er dette framsida du vil ha.

Løysing kryssord 3-20


Ja, det er moglegvis ikkje alle som ser på ryddeprogram på TV Norge, men løysinga var i alle fall: **SMART Å RYDDE LITT FØR SYNNØVE SKARBØ KJEM PÅ BESØK.**

Noko rekordmange hadde kome fram til. Slikt kveiker i ein elles traust haust. Dei som er trekte ut av bunken og kan gle seg seg over ei lita merksemd, er:

Trygve Krogsæter, Oslo
 Sigrid Mari S.Verstad, Inderøy
 Egil Ingvar Aune, Trondheim

Me gratulerer!

PS. Redaktøren er stolt av at hans eiga mor har sendt inn rett løysing, men ber om forståing for at ho ikkje kan vera med i lotteriet. Det skulle ha teke seg ut om ho vann. Han lovar henne likevel ei ekstra merksemd til jol.




KRYSS-ORD

Send anten heile kryssordet til
Kringkastingringen, Pb. 9161 Grønland, 0134 Oslo
eller løysingssetninga til post@kringkastingringen.no
og bli med i trekninga av flotte vinstar. Lukke til!
Frist: 25.1. 2021.

EINAR SØREIDE




										DIS- PUTT	SV/ER	TIDL. KR-PRIS- VINNAR	KANEN	NØL- ANDE SVAR			KAGGAR VEKE- AVIS
										AGNES RAVATN- ROMAN							
										IKKJE KYST- OMRÅDE							
										SEGN HAND- VERKAR					VENTE- LISTE		
										LISTIG							
VARME						HIST. STAD											
NAB. NYNO. KOMM.		HAND- FASTE	PÅ DEN STADEN MEN	TOBAKK FJELL- SIDE	HUSET	LIKE		KVINNE HALVT TONN	KOMM. GRUPPE								
LENGT							GRUNN- STOFF		STAGGE VILT SPRANG								
VOGN							KVINNE										
						BEIST REDD			UT- BYGGET								
				MANN NY SJANSE			BUNKRA HUSDYR										
SKIFTE							DEMPAR NYNO. KOMM.										
DONERE		NYNO. KOMM.															
TOPP- KORT			ROM- STRERER		LURING- EN HAST				VEKST ENERGI- SELSKAP								
TV2- PROGR.					TAL												
VAKKER			ØY I SUNNFJ. ER				TIPPA FØRE- STAVING (STOR-)										
NATRIUM							VAGE		KVINN- ENE								
IDAG		PART REISE			AS. STAT		ALTFOR OFTE AV PLAST										
				LIKE			TILÅRS- KOMNE		VARSEL								
GRØN- SAKER REKKE		RETN. SPREKK					TAL BYLGJE	VIS MIDT- STYKKE									
KRYDDER				VARME- KJELDA KYNISK				DYR SKJUL									
		LIKE RØYSA					LIKE	VEKSTEN FEMTI									
FUGL									FASE								

Namn, adresse og postnummer:

RETUR:

Kringkastingsringen
Pb. 9161 Grønland
0134 Oslo



KRING-
KASTINGS-
RINGEN

25,2%

